


*TYSVÆR KOMMUNE*

# KONTROLLUTVALET ÅRSMELDING

2014

---



KONTROLLUTVALET  
TYSVÆR KOMMUNE

---

## INNLEIING

---

Kontrollutvalet si årsmelding er ei melding til kommunestyret om utvalet si verksemd og kva saker og oppgåver som er tatt opp og/eller handsama i 2014.

I følge kommunelova § 77 pkt. 6 *«skal kontrollutvalget rapportere resultatene av sitt arbeid til kommunestyret»*.

---

### 1. OM KONTROLLUTVALET

---

Kontrollutvalet er eit lovpålagt organ som skal på vegne av kommunestyret syte for tilsynet med forvaltninga av kommunen (rekneskapsrevisjon og forvaltningsrevisjon) og selskap som kommunen eig (selskapskontroll). Utvalet skal også sjå til at revisjonen fungerer på ein trygg måte. Ordninga er heimla i kommunelova og forskrift om kontrollutval. Kontrollutvalet er ikkje underlagt andre organ enn kommunestyret og rapporterer og innstiller direkte til dette.

---

### 2. MEDLEMMENE I UTVALET

---

Det er kommunestyret sjølv som vel medlemmene til kontrollutvalet. Kontrollutvalet skal ha minst tre medlem, og etter § 77 nr 1 i kommunelova skal minst eit av utvalet sine medlemmer veljast blant representantane i kommunestyret. Tilsette i kommunen er utelukka frå val til kontrollutvalet.

For perioden 2011- 2015 har Tysvær kommunestyret følgjande medlemmer:

#### **Faste medlemmer**

Leiar	<b>Jakob Alstveit</b> (Sp)
Nestleiar	<b>Laila M. Ramstad Nemeth</b> (A)
Medlem	<b>Randi I. Rettedal</b> (Frp)
Medlem	<b>Tormod Førland</b> (H)
Medlem	<b>Gunnar Egge</b> (V)

#### **Varamedlemmer:**

1. Hanna Marit Molland (A)
2. Trond Fludal (H)
3. Ole Andreas Stakkestad (Sp)
4. Torbjørn Berge (H)

Tormod Førland er utvalet sin kommunestyrepraesentant. Leiar og nestleiar i kontrollutvalet har møterett i kommunestyret og talerett når utvalet sine saker blir handsama. Leiar har møtt på så og sei alle kommunestyremøta.

Ordføraren har møte- og talerett i utvalet. Han har ikkje møtt i utvalet i 2014. Rådmannen har ikkje møterett, men kan bli invitert/kalla inn av utvalet. Han møtte sjølv to gonger i fjor. Det same gjorde økonomisjef, medan personalsjef og teknisk sjef møtte i utvalet ein gong.

Kontrollutvalet har eige reglement, vedtatt fyrste gong i 2011. Reglementet blei revidert i 2014.

Møta vert gjort kjent på kommunen sine nettsider og sekretariatet sine heimesider. På desse stadene vert også sakspapira og protokollar lagt ut.

---

## INNLEIING

---

Kontrollutvalet si årsmelding er ei melding til kommunestyret om utvalet si verksemd og kva saker og oppgåver som er tatt opp og/eller handsama i 2014.

I følge kommunelova § 77 pkt. 6 *«skal kontrollutvalget rapportere resultatene av sitt arbeid til kommunestyret»*.

---

### 1. OM KONTROLLUTVALET

---

Kontrollutvalet er eit lovpålagt organ som skal på vegne av kommunestyret syte for tilsynet med forvaltninga av kommunen (rekneskapsrevisjon og forvaltningsrevisjon) og selskap som kommunen eig (selskapskontroll). Utvalet skal også sjå til at revisjonen fungerer på ein trygg måte. Ordninga er heimla i kommunelova og forskrift om kontrollutval. Kontrollutvalet er ikkje underlagt andre organ enn kommunestyret og rapporterer og innstiller direkte til dette.

---

### 2. MEDLEMMENE I UTVALET

---

Det er kommunestyret sjølv som vel medlemmene til kontrollutvalet. Kontrollutvalet skal ha minst tre medlem, og etter § 77 nr 1 i kommunelova skal minst eit av utvalet sine medlemmer veljast blant representantane i kommunestyret. Tilsette i kommunen er utelukka frå val til kontrollutvalet.

For perioden 2011- 2015 har Tysvær kontrollutval følgjande medlemmer:

#### **Faste medlemmer**

Leiar	<b>Jakob Alstveit</b> (Sp)
Nestleiar	<b>Laila M. Ramstad Nemeth</b> (A)
Medlem	<b>Randi I. Rettedal</b> (Frp)
Medlem	<b>Tormod Førland</b> (H)
Medlem	<b>Gunnar Egge</b> (V)

#### **Varamedlemmer:**

1. Hanna Marit Molland (A)
2. Trond Fludal (H)
3. Ole Andreas Stakkestad (Sp)
4. Torbjørn Berge (H)

Tormod Førland er utvalet sin kommunestyrerepresentant. Leiar og nestleiar i kontrollutvalet har møterett i kommunestyret og talerett når utvalet sine saker blir handsama. Leiar har møtt på så og seie alle kommunestyremøta.

Ordføraren har møte- og talerett i utvalet. Han har ikkje møtt i utvalet i 2014. Rådmannen har ikkje møterett, men kan bli invitert/kalla inn av utvalet. Han møtte sjølv to gonger i fjor. Det same gjorde økonomisjef, medan personalsjef og teknisk sjef møtte i utvalet ein gong.

Kontrollutvalet har eige reglement, vedtatt fyrste gong i 2011. Reglementet blei revidert i 2014.

Møta vert gjort kjent på kommunen sine nettsider og sekretariatet sine heimesider. På desse stadene vert også sakspapira og protokollar lagt ut.

---

### 3. AKTIVITETEN I KONTROLLUTVALET I 2014

---

Kontrollutvalet har i 2014 hatt 4 møte fordelt på to møte på våren og to på hausten. Kontrollutvalet sine møte er opne for publikum og presse. Etter lovendring frå 01.07.13 gjeld det for alle kontrollutval, med unnatak av når det er heimel i lov å lukke. Utvalet held sine møte i Kårstørommet i Tysvær rådhus.

Utvalet har i 2014 hatt 24 (23) saker til handsaming, der 5 av sakene er vidaresendt til handsaming i kommunestyret. 38 (35) saker har blitt lagd fram til orientering. Samla oversyn over saker og orienteringssaker følger som vedlegg til årsmeldinga.

Leiar Jakob Alstveit deltok på kontrollutvalskonferansen i regi av Norges Kommune-revisorforbund (NKRF) på Gardermoen 05.-6.02.14 og på Forum for kontroll og tilsyn sin konferanse i Haugesund i juni. Leiar deltok også på dagskonferansen for kontrollutval i Rogaland i Sandnes 20.11.14.

---

### 4. KONTROLLUTVALET SINE HOVUDOPPGÅVER

---

Kontrollutvalet har oppgåver knytte til internt tilsyn og kontroll gjennom rekneskaps-revisjon, forvaltningsrevisjon og selskapskontroll.

#### 4.1 REKNESKAPSREVISJON

Kontrollutvalet skal sjå til at kommunen sin årsrekneskap vert revidert på ein trygg måte. Kontrollutvalet skal også halde seg orientert om revisjonsarbeidet og sjå til at det går føre seg i samsvar med lov og føresegner, god kommunal revisjonsskikk og kontrollutvalet sine instruksar.

Kontrollutvalet behandla kommunen sin årsrekneskap for 2013 i møte 27.05.14 og ga følgjande uttale til årsrekneskapen:

*Tysvær kommune sitt årsrekneskap for 2013 er gjort opp med eit rekneskapsmessig mindreforbruk/overskott på kr 3,1 mill. kr.*

*Kontrollutvalet har merka seg at årsrekneskapen viser eit positivt netto driftsresultat med 41 mill. kr (inkl. momskompensasjon for investeringar), som utgjer 4,6 % av driftsinntektene eller korrigert netto driftsresultat med 17,5 mill. kr, som utgjer 2,1 % av kommunen sine driftsinntekter (fråtrekk av avtalt eigedomsskatt til Bokn kommune).*

*Kontrollutvalet vil peika på at revisor har under revisjonen registert forhold som er av så vesentleg karakter at desse straks treng oppfølging frå leiinga.*

*Dette gjeld forhold som mangelfulle avstemmingar og/eller manglande dokumentasjon. Vidare er det peika på brot på anordningsprinsippet for avdrag på lån, og at kommunen ikkje har økonomireglement, osv.*

*Kontrollutvalet vil på vegne av kommunestyret be om tilbakemelding innan 01.09.14 på dei forhold som er tatt opp i korrigert årsoppgjerbrev og reknar med at forholda blir retta opp for årsrekneskapen for 2014.*

*Kontrollutvalet registrerer igjen at kommunen si lånegjeld er langt høgare enn det som er det tilrådde. Kontrollutvalet ber kommunestyret fortsatt ha fokus på kommunen si låneutvikling, sjølv om reell lånegjeld i % ikkje har auka.*

*Under tilvising til utvalet sin eigen gjennomgang av dokumenta og revisjonsmeldinga for 2013, meiner kontrollutvalet at årsrekneskapen for 2013 totalt sett gjer eit forsvarleg uttrykk for resultatet av kommunen si verksemd for 2013 og for kommunen si økonomiske stode pr. 31.12.13.*

Økonomisjefen opplyste i møtet at dei tok merknadene på alvor og at det allereie var avtalt møte med revisjonen i juni. Omlegging til privat revisjon hadde vore krevjande, då kultur og kommunikasjon var ein annan enn tidligare. Nytt møte mellom revisjon og økonomikontoret blei halde i september.

Rådmannen sitt tilsvær av 29.08.14 blei lagt fram for kontrollutvalet i møte i september, og utvalet tok utgreiinga på oppfølging av revisor sine merknader til orientering.

## 4.2 FORVALTNINGSREVISJON

I følge kommunelova skal kontrollutvalet sjå til at det vert gjennomført forvaltningsrevisjon av den kommunale verksemda. Kontrollutvalet skal minst ein gong i valperioden utarbeide ein plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon. Planen skal vedtas av kommunestyret.

Tysvær kommune sin plan for 2012-2016 blei vedteken av kommunestyret i møte 18.12.12, sak 91/12. I planen er det tatt med åtte prioriterte prosjekt.

Utvalet bad om forvaltningsrevisjon om konsekvensar av nedskjeringar i skulesektor til møtet på nyåret, men utvalet vedtok å endre prosjekt til «Budsjett- og økonomistyring i Tysvær kommune» i januar. Skifte var grunna i faglege råd frå revisor. KPMG la fram framlegg til prosjektmandat til februar møtet. Hovudproblemstillingane var følgjande:

1. *Korleis er den økonomiske situasjonen i kommunen?*
2. *I kva grad har kommunen system og rutinar for å sikre tilfredstillande økonomistyring?*
3. *I kva grad har kommunen tilfredstillande økonomistyring i praksis?*

Rapporten blei oversendt og presentert utvalet i møte i september. Revisor kom då med eit sett med ulike tilrådingar til kommunen. Rapporten vart lagt fram for kommunestyret 28.10.14 og rådmannen har fått eit halvt år på seg til å gje tilbakemelding om oppfølginga av rapporten.

Nemnde tilrådingar gjaldt mellom anna:

- *å halde fram med dei planlagde tiltaka kring økonomistyring som meir detaljert administrativ rapportering, betre periodisering og betre samarbeid,*

- *å etablere meir formaliserte og etterprovbare rapporteringsrutinar for månadsrapportering.*
- *med å få eit budsjett som samsvarer betre med rekneskapen, etablerer rutinar for korleis budsjettjustering og omperiodisering skal utførast og kven som er ansvarleg for kva.*
- *å utarbeide ein felles definisjon/ norm på kva som er eit avvik, og deretter kommunisere dette ut til alle som har eit økonomiansvar,*
- *i større grad prioriterer avviksbehandling og då særleg fokus på det å setje i verk tiltak.*

Utvalet har igjen valt ut eit nytt prosjekt i november. Tema her er «Internkontroll og kvalitetssystem» og prosjektmandat vil bli lagt fram på nyåret.

### **4.3 SELSKAPSKONTROLL**

I følge kommunelova er kontrollutvalet pålagt og sjå til at det vert ført kontroll med forvaltninga av kommunen sine interesser i selskap m.m. Kontrollutvalet skal også her utarbeida ein plan for gjennomføring av selskapskontroll. Planen for 2012-2016 og retningslinjene for selskapskontroll blei vedtatt av kommunestyret i møte 18.11.12, sak 90/12.

Kontrollutvalet vedtok i 2014 å delta i selskapskontroll av Haugaland Kraft AS og Haugaland Næringspark AS i lag med dei andre eigarkommunane. Det er revisjonsfirma Deloitte As som har gjennomført prosjektet, og rapport etter gjennomført kontroll er venta å bli oversendt i slutten av februar.

### **4.4 TILSYN MED REVISJONEN**

Tilsyn med revisjonen blir gjennomført ved gjennomgang av revisjonens planer og rapporter. Utvalet innhentar kvart år uavhengighetserklæring frå ansvarleg revisor.

Kontrollutvalet gjennomførte i 2012 ein anbodskonkurranse om revisjonstenesta. KPMG As vant konkurransen og det blei inngått avtale for perioden 2012-2015 med opsjon for kommunen til å forlengje avtalen med 1 år. Kontrollutvalet behandla sak om bruk av opsjon i haust og kommunestyret slutta seg til utvalet si innstilling i møte 28.10.14, sak 50/14. KPMG AS vil då vere kommunen sitt revisjonsfirma fram til 30.06.16.

Oppdragsansvarleg rekneskapsrevisor er Roald Stakland med kontor i Haugesund. Forvaltningsrevisorane har kontor i Bergen.

Revisor har møte- og talerett i utvalet sine møte, og KPMG har møtt på alle møta i 2014. Det er presentert revisjonsplan og lagt fram mandat og rapport frå forvaltningsrevisjonsarbeidet.

### **4.5 TILSYN MED FORVALTNINGA**

Følgjande personer frå administrasjonen har vore invitert til kontrollutvalet sine møte for å orientere: rådmannen, personalsjefen, økonomisjef og teknisk sjef.

Utvalet har hatt spørsmål knytte til arbeidet med å redusere sjukefråveret. Personalsjefen orienterte i maimøtet. Utvalet ønske og ei oppdatering når det gjaldt «Prosjekt kommunale avgifter», kor nytilsett teknisk sjef orienterte i november. Til same møtet var det bede om ei orientering knytte til store budsjettsprekk i byggeprosjektene Førresdalen barnehage og sykkel- og gangvegen Garhaug/Søvik. Både rådmann, teknisk sjef og økonomisjef møtte og ga forklaring. Utvalet framheva at det var viktig å sikre rapporteringssystem som gjer at dei folkevalde eventuelt kunne revurdere prosjekt.

Utvalet er og blitt orientert om statlege tilsyn, budsjettvedtak, økonomiplanar, KOSTRA-tall, sjukefråversrapportar osv.

---

## 5 BUDSJETT/REKNESKAP FOR TILSYN OG KONTROLL

---

Tjeneste 1100	REGNSKAP	BUDSJETT	UTVALET SITT-	REGNSKAP
KONTROLL OG REVISJON	2014	2014	FRAMLEGG	2013
Godtgjersle, kurs, m.m	35.128	74 000	74 000	55 870
Revisjonstenester ( avt. m/private)	342.044	410 000	410 000	365 756
Sekretariatstenester ((IKS)	164 000	164 000	164 000	158 000
Sum utgifter	<b>541.172</b>	<b>648 000</b>	<b>648 000</b>	<b>579.626</b>

Kontrollutvalet handsama hausten 2014 framlegg til budsjett for internt tilsyn og kontroll for 2015. Framlegg til budsjett var på kr 670.000 eks mva. I kommunestyremøte 16.12.14 blei det vedtatt kr 675.000. Utvalet har då over 250 timer til forvaltningsrevisjon og selskapskontroll.

Utgiftene skal først i KOSTRA på funksjon 110, slik at ein kan samanlikne med kva andre kommunar brukar på kontroll og tilsyn.

---

## 6. SEKRETARIATET FOR KONTROLLUTVALET

---

Kommunane er pålagt å ha eit kontrollutvalssekretariat som er uavhengig, dvs. ikkje knytt opp mot rådmann eller revisjon. Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS kom i drift frå 2005 og har no vore i verksemd i 10 år.

Selskapet er eid av 10 kommunar og oppgåvene blir ivaretatt av to tilsette. Sekretariatet har, i tillegg til kontakt og samarbeid med utvala, administrasjon og politisk leiing, samarbeid med fire revisjonsselskap (Deloitte, KPMG, BDO og Rogaland Revisjon), andre interkommunale selskap i regionen og sekretariata i Rogaland, Hordaland og Agder.

Selskapet har i 2014 vedtatt ny styreinstruks, etiske retningsliner og overordna strategiplan for perioden 2014-2018.

Fast utvalssekretær har vore dagleg leiar Toril Hallsjø. Sekretariatet har egne heimesider, [www.kontrollutvalgene.no](http://www.kontrollutvalgene.no), kor mellom anna alle sakskart, protokollar og rapportar blir lagt ut fortløpande.

Aasmund Austerheim er kommunen sin representant til representantskapet, kor han er valt som leiar. Per Molland er vald som varamedlem. Arne Gjerde er leiar i styret for IKSet.

---

## 7. OPPSUMMERING

---


Aktiviteten i 2014 har vore som planlagt. Det har vore utarbeidd og lagt fram ein rapport og administrasjonen har gjort greie for aktuelle saker som utvalet har bede om undervegs gjennom året. Ved sekretariatet har det vore eit normalår.

\*\*\*\*


Aksdal 03.02.15

For Laila  
  
Laila Ramstad Nemeth (A)  
nestleiar

  
Jakob Alstveit (Sp)  
leiar

  
Gunnar Egge (V)

  
Tormod Førland (H)

  
Randi I. Rettedal (Frp)



## SAMLET OVERSIKT – TYSVÆR KONTROLLUTVALG 2014

### Saker til behandling:

- 1/14 Endring av forvaltningsprosjekt til økonomistyring
- 2/14 Godkjenning av protokoll frå møte 12.11.13 og sak 1/14
- 3/13 Referat- og orienteringssaker 11.02.14
- 4/14 Utkast til prosjektplan – forvaltningsrevisjon – «Budsjett- og økonomistyring»
- 5/14 Kontrollutvalet si årsmelding for 2013
- 6/14 Endra møteplan for 2014
  
- 7/14 Godkjenning av protokoll frå møte 11.02.14
- 8/14 Referat- og orienteringssaker 27.05.14
- 9/14 Uttale om Tysvær kommune sin årsrekneskap 2013
  
- 10/14 Godkjenning av protokoll frå møte 27.05.14
- 11/14 Referat- og orienteringssaker 09.09.14
- 12/14 Reglement for kontrollutvalet – endring vedk. kap. 8 om høyring
- 13/14 Revisor si egenerklæring 2014
- 14/14 Revisjonsplan for rekneskapsåret 2014
- 15/14 Budsjett 2015 - kontroll og tilsyn – kontrollutvalet si innstilling
- 16/14 Revisjonsavtalen – bruk av opsjon til 30.06.14
- 17/14 Tilsvar – revisjonsbrev nr 2 om årsrekneskap 2013
- 18/14 Forvaltningsrevisjonsrapport – «Budsjett- og økonomistyring»
- 19/14 Invitasjon – selskapskontroll – Haugaland Kraft AS og Haugaland Næringsparkas
  
- 20/14 Godkjenning av protokoll frå møte 09.09.14
- 21/14 Referat- og orienteringssaker 11.11.14
- 22/14 Budsjett/økonomiplan 2015-2018 – Rådmannen sitt framlegg
- 23/14 Val av nytt forvaltningsrevisjonsprosjekt 2015
- 24/14 Møteplan for 2015 for kontrollutvalet

## Saker til orientering i kontrollutvalet 2014:

1. Komm.styrevedtak 26.11.13, sak 61 – Oppfølging av selskapskontroll – IKA IKS
2. Komm.styrevedtak 26.11.13, sak 62 - Rapport forvaltningsrevisjon – vedlikehold
3. Brev 10.01.14 til KPMG om endring av forvaltningsrevisjonsprosjekt
4. Årsrapport 2013 - skatteoppkrevjaren i Tysvær kommune
5. Skatterekneskapen 2013
6. Statusrapport pr. februar 2014
7. Sjukefravær 4. kvartal 2013 og totalt for 2013
8. Fylkesmannen i Rogaland – Informasjon om statleg tilsyn med kommunane i 2014
9. NKRF si kontrollutvalgskonferanse 2014 - 05.-06.02.14
  
10. Kommunen sine heimesider og plasseringa av reguleringsplanane
11. Arbeidet med å redusere sjukefraværet
12. Sjukefraværstatistikk 1. kvartal 2014
13. IA-Handlingsplan for Tysvær kommune 2014-2016
14. Varsel om tilsyn med samfunnstryggleik og beredskap i Tysvær kommune juni 2014
15. Statusrapport pr. mai 2014
16. Protokoll - representantskapsmøte 21.04.14– Interkommunalt Arkiv Rogaland IKS
17. Protokoll - representantskapsmøte 25.04.14 – Haugaland Vekst IKS
18. Protokoll - representantskapsmøte – Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS
19. Representantskapsmøte 21.05.14 – HIM IKS
20. Representantskapsmøte 28.05.14, kl. 12.00 – Krisesenter Vest IKS
21. Generalforsamling 02.06.14, kl. 15.00 – Haugaland Kraft AS
22. Møte i hamnerådet 28.05.14, kl. 15.30 – Karmsund Havnevesen IKS
23. Generalforsamling 17.06.14, kl. 15.00 – Haugalandspakken AS
  
24. Statusrapport pr. august 2014
25. Protokoll frå representantskapsmøte – Krisesenter Vest IKS
26. Førebels rapport - tilsyn med samfunnstryggleik og beredskap
27. KS sitt brev til kommunane – vedk. det vidare arbeid med ein kommunereform
  
28. Orientering om jordlova
29. Orientering om status for «Prosjekt kommunale avgifter»
30. Orientering om budsjettsprekk i byggeprosjekt
31. Statusoversikt pr. november 2014
32. Presseklipp – Hgsds Avis 15.10.14 – selskapskontroll av Haugaland Kraft AS
33. Komm.styrevedtak 28.10.14, sak 50/14 – Revisjonsavtale – bruk av opsjon
34. K-styrevedtak 28.10.14, sak 71/14 – Forvaltn.rapport – budsjett og økon.styring
35. K-styrevedtak 28.10.14, sak 52/14 – Endring i reglementet for kontrollutvalet
36. Invitasjon – Høstkonferansen for kontrollutvala i Rogaland i Sandnes 20.11.14
37. Innkalling til repr.skapsmøte i HIM IKS på Toraneset 25.11.14 kl. 15.00
38. Tilbakemelding til FM - vedr oppfølging av avvik etter beredskapstilsyn 04.06.14